



ÅRSMØTE I SA NAUSTDAL BÅTLAG 2021

Onsdag 5. mai 2021 kl. 19.00 på Kyrkjelydshuset i Naustdal

Sakliste

1. Godkjenne medlemmar med tale- og røysterett

Det er møtt fram personar på årsmøte.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte godkjenner personar med tale- og stemmerett.

Vedtak:

2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Styret sitt framlegg:

Årsmøte godkjenner innkallinga og sakliste til årsmøte.

Vedtak:

3. Val av ordstyrar

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vel Daniel Stave til ordstyrar.

Vedtak:

4. Val av skrivar

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vel Arnt Ole Ramsdal til skrivar.

Vedtak:

5. Val av to personar til å underskrive møteboka

Årsmøte valde:

1.:

2.:

6. Årsmelding

Styret viser til vedlagt årsmelding for 2020.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte tek årsmeldinga for 2020 til vitande.

Vedtak:

7. Rekneskap

Styret viser til revidert rekneskap for 2020. Rekneskapet viser eit overskot på kr. 26.702 etter avskrivningar. Eigenkapitalen pr. 31.12.2020 er kr. 1.305.025. Revisjonsmelding vart opplese i møtet.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte godkjenner rekneskapen for 2020.

Vedtak:

8. Fastsetje medlemskontingenten

Styret tilrår at medlemskontingenten vert uendra på kr 350,- for 2020

Styret sitt framlegg:

Årsmøte fastset medlemskontingenten for 2021 til kr. 350,-

Vedtak:

9. Fastsetje årleg avgift for 4m, 6m og 8m båtplass

Styret tilrår at årleg avgift vert uendra for 2021.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte fastset årsavgifta for 2021 til:

4m båtplass kr. 1650,-

6m båtplass kr. 1750,-

8m båtplass kr. 1850,-

Vedtak:

10. Fastsetje eingongsinnkot for 4m, 6m og 8m båt plass

Konsumprisindeksen i 2020 har ifølgje Statistisk sentralbyrå (SSB) auka med 2,5%. Årsmøtet har kvart år justert eingongsinnkotet for båt plassane etter konsumprisindeksen til SSB.

Styret sitt framlegg:

Årsmøtet justerer eingongsinnkotet for 4m, 6m og 8m båt plass etter konsumprisindeksen til SSB på 2,5%. Endringa gjeld frå og med 01. april 2021 til årsmøte i mars 2022.

Etter dette vert eingongsinnkot på båt plassane slik:

4 m plass innkot kr. 28.117, justert innkot etter konsumprisindeks til kr. **28.824**

6 m plass innkot kr. 34.719, justert innkot etter konsumprisindeks til kr. **35.592**

8 m plass innkot kr. 42.443, justert innkot etter konsumprisindeks til kr. **43.511**

Vedtak:

11. Fastsetje timegodtgjersle for dugnad

Styret tilrår at timegodtgjersla for dugnad vert uendra for 2021.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte fastset timegodtgjersle for dugnad i 2021 til kr. 100,-

Vedtak:

12. Investerings- og vedlikehaldsplan for Naustdal Båtlag for perioden 2021-2031

Til årsmøte i 2014 utarbeida styret ein investerings- og vedlikehaldsplan for perioden 2014-2017.

Planen skal rullerast kvart år og styret skal legge fram ein oppdatert plan til årsmøtet.

Vedlagt følgjer revidert investerings- og vedlikehaldsplan for perioden 2021-2031.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vedtek revidert investerings-, og vedlikehaldsplan for 2021-2031.

Vedtak:

13. Budsjet 2021

Styret viser til vedlagt driftsbudsjett for 2021.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vedtek styret sitt framlegg til driftsbudsjett for 2021.

Vedtak:

14. Utvidingsplanar i båthamna

Forprosjektet for utviding av kapasiteten i båthamna er no slutført. Det har vore gjort eit godt arbeid med kartlegging av moglegheiter, innhenting av løyve og innhenting av prisar.

Etter ein gjennomgang av alle papir i saka, samt ein prat med prosjektgruppa som bestod av Henning Svoen og Vegard Nordnes, ser styret at ein utviding av hamna kjem til å komme på om lag 3 000 000,- i delar og støyping av forankringspunkt. Denne prisen baserar seg på veldig mykje eigeninnsats i form av dugnad som styret ikkje ser som realistisk å få til i praksis. Skal ein leige til alt arbeid vil totalprisen verte betydeleg høgare.

Dette vil løyse ut om lag ti nye plassar i hamna. Noko som vert ein betydeleg pris per plass.

På bakgrunn i desse opplysingane kjem styret med framlegg om at årsmøtet legg vekk denne saka.

Styret ser derimot positivt på å støype dei planlagde forankringspunkta, og nytte dei for å styrke dagens fortøyingar. Desse er derfor lagt inn i investeringsplanen.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vedtek å legge vekk saka om utviding av båthamna.

Vedtak:

15. Utleige av båtplassar

Styret har i mange år hatt denne saka til vurdering, og også fått fleire innspel på at dette er noko ein må ta tak i.

Styret legg no derfor fram forslag om å opprette ein funksjon som «Utleige-ansvarleg»(UA) for å administrere utleige av båtplassar. UA rapporterer direkte til styret.

Forslag til utleigepris som leggst inn i prislista.

4m – kr. 250/mnd

6m – kr. 350/mnd

8m – kr. 450/mnd

Christian Buanes seier seg villig til å ta på seg denne funksjonen.

For å få gjennomført dette i praksis må Paragraf 20 i Lov om SA Naustdal Båtlag endrast.

Sak 15 og 16 må derfor sjåast i samanheng.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vedtek å opprette funksjonen «Utleige-ansvarleg».

Vedtak:

16. Endre «Lov for SA Naustdal Båtlag»

Noverande §20: Utleige/utlån av båtplass

- a)** a) Utleige/utlån av båtplass skal godkjennast av styret.
- b)** b) Eigar av båtplassen er pliktig å informere styret om namn og adresse til den som skal leige/låne ein båtplass og skal forsikre seg om at han/ho er medlem av båtlaget. Lover og reglar for SA Naustdal Båtlag gjeld og for den som skal leige/låne ein båtplass.
- c)** c) Utlån/utleigepris kan ikkje overstige den årlege avgifta for gjeldande båtplass som er vedteke av årsmøte.
- d)** d) Ved utleige/utlån av båtplass er det eigar av båtplassen som skal betale årleg avgift, og eventuelt andre gebyr fastsett av årsmøte.

Styrets forslag til ny §20 i Lov om SA Naustdal Båtlag:

Utleige av båtplass

- a)** All utleige skal administrerast og gjennomførast av «Utleige-ansvarleg» (Heretter: UA) i Naustdal Båtlag. Ingen kan leige ut plass sjølve.
- b)** Den som vil leige ut plassen sin må melde dette til UA. Når plassen vert leigd ut vert årlege avgifter frosne fram til utleiga opphøyrer. Dersom plassen ikkje vert leigd ut, må plasseigar likevel betale årlege avgifter. Eigar av plassen må likevel betale den årlege medlemskontingenten.
- c)** Plassen vert leigd ut på månadsbasis, med ein månad gjensidig oppseiingstid. Månadsleige i høve prislista til båtlaget.
- d)** Den som vil leige plass må vere medlem i båtlaget.
- e)** Den som ønskjer å leige plass må melde interesse for dette til UA, som då listefører dette. Det må meldast kor stor plass ein ønskjer å leige, og for kva periode.
- f)** Berande prinsipp er at først på lista skal få leige først. Men UA må fordeler ledige plassar etter ønska størrelse og ledig periode.
- g)** Leigetakar som etter ein purring ikkje betaler avgift, vil miste høvet til å leige båtplass i båthamna.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vedtek å endre paragraf 20 i Lov om SA Naustdal Båtlag.

Vedtak:

17. Innmeldt sak: Kjøp av plassar basert på breidde. Fleksibel plassering i hamna. Ikkje fast plass, men berre rett på plass.

Det bør opnast for kjøp av cm. i breidda i høve båt plasser.

- *Det er ikkje alle plassar i bryggene at det i dag er rom for meir bredde. Dette kan ordnast når evt. ein plass skal omsetjast.*
- *I høve dei plassane som alt har fått tildelt ekstra breidde kan NBL no få godtgjersle for dette.*
- *Fleksibilitet i høve tildeling av båt plassar, for å fremme enklast mulig inn/ut segling av båt plass, ingen eig ein eksakt båt plass berre størrelsen.*

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vedtek å gje styret i oppgåve å utgreie denne saka vidare, og komme attende til årsmøtet med dette.

Vedtak:

18. Innmeldt sak: Innføre ekstra reglar for stand på båt, og at båt må vere i aktiv bruk for å kunne vere i hamna.

Båtar som ligg i bryggene og ikkje er sjødyktige eller berre ligg i opplag, skal vekk. Dette for å fremme meir aktivitet i hamna.

Styret meiner dette er ivareteke i Lov for SA Naustdal Båtlag §21 c:

a) Alle båtar må leggjast på tildelt plass. Alle båtar må vere forsvarleg fortøyde og fendra.

Fortøyningane må ikkje vere til hinder for andre. Båteigar pliktar å lense båten og halde tilsyn med den.

Styret meiner også at pkt 13 i hamnereglane er relevant her:

13. SKADAR OG ANSVAR

Ein kvar båteigar er pliktig å ha båten sin forsikra mot eventuell skade som vert påført båthamna og/eller andre båtar i hamna.

Elles so ser ikkje styret det som si oppgåve å halde oppsyn med kor ofte medlemmane nyttar båten sin.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vedtek å fortsatt forholde seg til «Lov for SA Naustdal Båtlag» og «Hamnereglane».

Vedtak:

19. Innmeldt sak: Byggje om/byte fortøyingsbommar/gangbruer.

Gangbruer som ikkje har utfyllande strekkmetall i streberne må få dette ettermontert, samt at fortøyningsbommer bør bytast ut med nye gangbruer. Det siste først og fremst med tanke på plasser for 6 og 8 meter. Dette for å trygge og sikre ferdselen på bryggene.

Styret har fått budsjettpris på dette på kr XXX.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vedtek å legge dette inn i investeringsplanen med ei ramme på kr:XXX.

(Denne prisen har styret dessverre ikkje klart å få i hende enda)

Vedtak:

20. Innmeldt sak: Legge fast dekke på parkering i vestre hamn.

Fast dekke på parkering/oppstilling-plass i vestre hamn.

Styret har henta inn eit estimat på kor mykje det kostar å legge dekke på tomta til båtlaget mellom slippen og fylkesvegen:

Avretting, grusing og legging av ca 700m² – kr 190.000 inkl MVA.

Ekstra for eventuelle avlaupskummar – kr 16.250 inkl MVA pr kum + grøfter kr 1000 inkl MVA pr meter grøft.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vedtek å ikkje legge fast dekke i vestre hamn.

Vedtak:

21. Val